

Hyggeleg melding til dei som har trudd at Cirkus Arnardo ikkje kjem til Uskedalen i år, fordi dei ikkje kom i mai som vanleg er. Dei kjem likevel og det vert framsyningar både laurdag 24. august og søndag 25. august - begge dagar klokka 16 på Rabben feriesenter.

I samanheng med dette har sirkuset ved Are Arnardo meldt fra til kommunen at dei har eige brannvern med direktør Arild Arnardo som intern 'brannsjef'. Difor anser dei ikkje at det er naudsynt med ekstra brannvakter utover denne.

Dette er sesong nummer 65 sidan sirkuset starta. Dei er landets eldste omreisande kulturinstitusjon og lokkar med humor, eleganse,, styrke og smidigheit. Ein av attraksjonane er klovnetrioen Rivelinos og ein annan Davis Vasallo som vert kalla arvtakaren til Chaplin.

Av dyr har dei med både elefant, hunder, hester, kameler og duer og dei siste skal vera ein sensasjon. Duehviskaren utløyser ein ekte duebalett.Og Devid Tsytko har eit fartsfylt nummer som også vekker oppsikt.

Barnebarnet til Arild, Arne Otto Luigi Folco Arnardo, er 13 år og gjennomfører sin andre sesong i sirkuset med ponnyen.Det betyr at 3 generasjonar Arnardo er i manesjen også dette året.

Over er Arild Arnardo og under Duo Rebel i aksjon

Av Ola Matti Mathisen